



ALVER
KOMMUNE

Retningsline for gjennomføring av opptak til barnehagar i Alver kommune





Retningslina er styrande for barnehageopptak i Alver kommune.

Alle barnehager i kommunen – private og kommunale – deltek i samordna opptak. Opptaket vert regulert av barnehageloven.

Barnehageloven § 17:

«Samordnet opptaksprosess i kommunen»

Alle godkjente barnehager i kommunen skal samarbeide om opptak av barn. Kommunen skal legge til rette for en samordnet opptaksprosess, der det tas hensyn til barnehagenes mangfold og egenart. Brukernes ønsker og behov skal tillegges stor vekt ved selve opptaket. Ved en samordnet opptaksprosess skal likebehandling av barn og likebehandling av kommunale og private barnehager sikres.»

I Alver kommune har retningslina vore til høyring i barnehagane og handsama i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Innspel som kom fram i høyringa, vart vurdert før politisk vedtak, fatta i utval for oppvekst, kunnskap og kultur den xxxx

Vi ber alle gjere seg kjend med innhaldet og oppmodar alle barnehagane om å ta aktivt del i det samordna barnehageopptaket og i årlege evalueringar.

Føremålet med retningslinene er å sikre at born og føresette vert ivareteken i høve barnehagesøknad etter barnehageloven.

Barnehagesektoren sitt samla tilbod er viktig for borna og føresette.

Lukke til med arbeidet.

Kristin Moe

Kommunalsjef oppvekst



Organisering av opptak til barnehagar i Alver kommune

Bakgrunn

Alver kommune har ein stor barnehagesektor med 28 barnehagar. Sektoren er mangfaldig i storleik, eigarskap og har både private og kommunale barnehagar. Mangfaldet i sektoren og eigenarten skal verte takast omsyn til.

Kommunen er barnehagemynde. Ved å legge til rette for ein samordna opptaksprosess skal det takast omsyn til barnehagen sitt mangfald og eigenart.

Gjennom felles samarbeide om opptak av barn i samordna barnehageopptak er målet å sikre retten til plass i barnehage, brukarane sine ønskje og behov, likebehandling av barn og likebehandling av kommunale og private barnehagar.

Retningslina er utarbeida for å hjelpa barnehagane og kommunen som mynde, å sikre god prosess i høve barnehageopptaket.

Barnekonvensjonen: I artikkel 3 i Barnekonvensjonen står det at: «Ved alle handlinger som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.»

Hovedopptak

Alver kommune har eitt hovedopptak. Søknadsfrist for hovedopptaket er 1.mars.

Opptaket vert gjort i høve til §§ 16 og 18 i barnehagelova. Opptak vert gjort på bakgrunn av prioriteringane i søknaden.

Rett til plass

Barn som fyllar eitt år seinast innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august.

- Barn som fyller eitt år i september, oktober eller november, det året det vert søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå den månaden barnet fyller eitt år.

For å ha rett til plass ved hovedopptak må følgjande kriteria være innfridd same år:

- Barnet må være fylt eitt år innan utgangen av november.
- Det må være søkt om barnehageplass innan 1. mars.
- Søkjar må ønskje plass seinast 30. november.
- Barnet har ikkje allereie ein barnehageplass per 1. mars ved hovedopptaket.



- Barn som fyllar eitt år innan 31. august har rett til å få plass i barnehage i løpet av august månad
- Barn som fyller eitt år i september, oktober og november, har rett til å få plass innan den månaden det fyller eitt år
- Barn som fyller eitt år frå desember, har rett til å få plass frå august neste opptaksår.

Hvis det ikkje er plass i nokon av barnehagane ein har søkt til, får ein tilbod om plass i ein anna barnehage. Retten til barnehageplass er innfridd når ein mottok tilbod om plass i ein barnehage i bustadkommunen. Ved hovedopptaket mottok alle barn med rett til plass, kun eitt tilbod.

Hovedopptak pågår fortløpande til alle med rett til plass har svart på søknaden.

Alle som søker innan 1. mars vert prioriterte etter lovkrav i barnehagelova.

Supplerande opptak gjennom året

Opptak skjer fortløpande gjennom heile året. Dersom barnehagane har ledige plassar blir dei fordelt til dei som har sendt inn søknad. Søknader for barn som ikkje fyller kriteriene for lovbestemt rett til barnehageplass, vert handsama i suppleringsopptaket.

Opptakskrets og opptakskriterier

Alle barnehagar definerer sin opptakskrets, desse er nedfelt i barnehagen sine vedtekter.

Opptakskrets for dei kommunale barnehagane i Alver kommune :

- Alver kommune er opptakskretsen til dei kommunale barnehagane i Alver. Barn busette i Alver kommune vert prioriterte ved opptaket. Dei kommunale barnehagane i Alver har berre heildagsplassar.

Opptakskriterier for dei kommunale barnehagane i Alver kommune:

- Opptaket vert gjort i høve til §§16,17 og18 i barnehageloven. Opptak vert gjort på bakgrunn av prioriteringane i søknaden. Styrar har rom til å gjere faglege skjønnsvurderingar i høve til gruppesamansetting, alder, kjønn og søsken. Dette for å sikre stabilitet og god kvalitet i barnegruppa.
- Private barnehageeigare kan vedtektsfeste egne kriterier. Private barnehagar har egne vedtekter som mellom anna beskriv opptakskrets og opptakskriterier. Det betyr at barnehagane kan ha eigen opptakskrets og opptakskriterier. Som døme kan barnehagen prioritere barn til medlemmer i ein forening eller barn til tilsette i ein bedrift.



Klagerett

Søklarar som får avslag på søknad om barnehageplass, og søklarar som ved tildeling av barnehageplass verken får sitt første eller andre ønske om barnehageplass oppfylt, kan klage på avgjerda. Retten gjeld kun søklarar som har søkt om barnehageplass innan søknadsfristen for hovdopptaket som kommunen har fastsett jfr Barnehagelova.

Klage på opptaket – både kommunale og private – vert sendt til kommunen som er klageinstans.

Venteliste

Barn som står på venteliste treng ikkje sende ny søknad. Dersom barnehagen har venteliste lyt styrar undersøke om dei som står der fortsett ynskjer plass før hovedopptaket. Dersom ein har barnehageplass i kommunal barnehage i Alver, og i hovudopptaket søker og takkar ja til tilbod i annan barnehage, vert dette å sjå på som ei oppseiing av den plassen ein allereie har.